



DEN NORSKE KYRKJA

Aukra sokne- og fellesråd

Skogvegen 1 A, 6480 AUKRA

Tlf: 468 40 719

www.aukrakyrkje.no

kyrkjekontoret@aukra.kommune.no

Org.nr.: 976 997 654

Innkalling til møte

Utval: Aukra sokne- og fellesråd (SFR)

Møtedato: Torsdag 13. mars 2025

Møtetid: Kl. 18.00 – 20.25

Møtestad: Møterommet på Kyrkjelydshuset

Innkalla medlemmar i sokne- og fellesrådet: Erlend Melby, Marta Kristin Eidskrem, Hans Kristian Furnes, Per Arne Rindarøy, Anne Berit Oterhals Skrede, Rune Vågøy, Edvin Magne Nybø, Janne Wie, Kristian Finn Risung og Berit Cesilie Huse (10).

Kopi til varamedlemmar: Gunnar Kolflåth, Knut Oterhals, Odd Jørgen Nilssen og Grethe Lystad Johnsen.

Forfall meldast til tlf. 951 85 921 eller e-post max.mork@aukra.kommune.no.

Varamedlemmar får innkallinga til orientering, men treng berre å møte ved nærare innkalling.

Opning v/Anne Marie

SAKLISTE

Sak 18/25 Godkjenning av:

A. Innkalling

B. Sakliste

C. Referat frå møte 20.02.2025

Sak 19/25 Introduksjon av ny kyrkjeverje (*SFR-sak*)

Sak 20/24 Planlegging av namna minnelund (*FR-sak*)

Sak 21/25 Rekneskap for Aukra sokn 2024 (*SFR-sak*)

Sak 22/25 Program for påskelilje- og kyrkjejubileet 2025 (*SR-sak*)

Sak 23/25 Referat- og orienteringssaker (*SFR-sak*)

Sak 23/25-1 Referat frå AU-møtet 03.03.2025

Sak 23/25-2 Rapportar frå dei utvala som har noko å legge fram

Sak 23/25-3 Betre belysning i kyrkja

Sak 23/25-4 Gjennomgang av årshjulet

Sak 24/25 Eventuelt

Aukra 06.03.2025


Erlend Melby (s)

Leiar

For kyrkjeverja

Max Ingar Mørk

Sekr.



hansDEN NORSKE KYRKJA

Aukra sokne- og fellestråd

Skogvegen 1 A, 6480 AUKRA
Tlf: 468 40 719
www.aukrakyrkje.no
kyrkjekontoret@aukra.kommune.no
Org.nr.: 976 997 654

MØTEREFERAT

Utval: Aukra sokne- og fellestråd (SFR)
Møtedato: Torsdag 20. februar 2025
Møtetid: Kl. 18.05 – 20.45
Møtestad: Møterommet på Kyrkjelydshuset

Desse møte:

Erlend Melby, Marta Kristin Eidskrem, Hans Kristian Furnes, Anne Berit Oterhals Skrede, Rune Vågøy, Janne Wie, Berit Cesilie Huse og Grethe Lystad Johnsen (8).

Forfall: Per Arne Rindarøy, Edvin Magne Nybø og Kristian Finn Risung.

Sekretær: Max Ingar Mørk

Elles møte: Kari Margrete Fanghol

Opning v/Erlend: Om ein skitur til Borgen + NoS 108, v. 1-2 *Vår Gud han er så fast ei borg*

Sak 09/25 Godkjenning av:

A. Innkalling

Innkallinga blei godkjent utan merknadar.

B. Sakliste

Saklista blei godkjent utan merknadar.

I tillegg blei det meldt inn 2 saker under eventuelt.

C. Referat frå møte 23.01.25

Referatet blei godkjent utan merknadar.

Sak 10/25 Førebuing av fasteaksjonen 06.04.25

Følgjande synspunkt kom fram i møtet:

- Det er 18 roder på Gossen og 20 konfirmantar som går to og to. Det blir vanskeleg å dekke heile øya, men under kunngjeringane i gudstenesta kan ein oppfordre folk til å melde seg. Det leggst ut ei liste bak i kyrkja der folk kan skrive seg på med namn og telefonnummer.
- Ein reknar med at konfirmantforeldra køyrer konfirmantane.
- Kan det vere aktuelt for speidarane å delta? Spørje Nils.
- Erlend, Kari og Rune blir med på KLH. Også spørje Per Arne, Edvin Magne, Gunnar og/eller Knut. Oppgåver: Administrere, telje opp og servere bollar/brus

- Kari bestiller materiell frå Kirkens Nødhjelp samt ordnar bollar og brus

Vedtak:

Fasteaksjonen gjennomførast i tråd med dei innspela som kom fram i møtet.

Sak 11/24 Endeleg gudstenesteplan og offerliste for 2025

Følgjande kom fram under handsaminga i møtet:

- Marta hadde snakka med Velforeininga som har opparbeidd uteområdet på Langneset. Det var heilt greitt for dei med gudsteneste der 22.06.25.
- Vidare hadde ho snakka med leiar i KRIK Julsundet om felles utegudsteneste 07.09.25. Dei må dessverre takke nei pga. kollisjon med andre arrangement. Gudstenesta blir derfor på Mevoldtunet, men med offer til KRIK.
- Soknerådet gjekk elles inn for følgjande offerføremål i Julsundet: 16.03: Fasteaksjonen, 22.06: Laurdagsklubben i Julsundet, 19.10: Kyrkjebladet.
- Offer i kyrkja 23.03 og 06.04 bytter plass, slik at offeret 23.03 går til Kirkens SOS og 06.04 til Fasteaksjonen.
- SFR meiner det er viktig å oppretthalde tradisjonen med gudsteneste på Orten på Kr. himmelfartsdag, og vil betale for vikarprest 29.05. Soknepresten har gjort avtale med Håvard Ervik om å forrette denne gudstenesta.

Etter dette hadde soknerådet gjort følgjande samrøystes

Vedtak:

Soknet sitt program for Julsundet i 2025 blir slik:

Dato	Gudsteneste/arr.	Stad og tid	Offer
Sø. 16.03.25	Gudsteneste	Mevoldtunet kl. 11.00	Fasteaksjonen KN
Sø. 22.06.25	Gudsteneste	Langneset kl. 11.00	Laurdagsklubben Julsundet
Sø. 07.09.25	Gudsteneste	Mevoldtunet kl. 11.00	KRIK Julsundet
Sø. 19.10.25	Gudsteneste	Mevoldtunet kl. 11.00	Kyrkjebladet
Sø. 07.12.25	Julekonsert	Julsundet skole kl. 15.00	Misjonsprosjektet
On. 24.12.25	Julaftansgudsteneste	Julsundet skole kl. 13.00	Kirkens Nødhjelp

Offeret i kyrkja 23.03 går til Kirkens SOS og 16.04 til Fasteaksjonen.

Fellesrådet vil betale for vikarprest på Orten Kristi himmelfartsdag 29.05.25.

Sak 12/25 Jubileumsveka - Førebuingar som involverer soknerådet

Saka utsettast. Per Arne Rindarøy vil sende over jubileumsprogrammet til SFR for behandling på neste møte.

Sak 13/25 Introduksjonsprogram for ny kyrkjevevje

Innspel frå SFR:

- Programmet er omfattande og må tilpassast undervegs, men vil fungere som ei hugseliste over saker som ein må igjennom.

- Som dagleg leiar har kyrkjevevja overordna ansvar for HMS. Det må sjekkast ut om grunnkurset for kyrkjevevjer gir tilstrekkeleg kompetanse, eller om det krevst ytterlegare opplæring. T.d. må verneombod ha 40 timars kurs.
- Ein tek sikte på presentasjon og innsetting av ny kyrkjevevje på gudstenesta 23.03.25. KLH er bortleigd, så det blir stor kyrkjekaffi bak i kyrkja.

Vedtak:

SFR sluttar seg til forslaget til introduksjonsprogram for ny kyrkjevevje, supplert med dei innspela som kom fram i møtet.

Sak 14/25 Søknad om permisjon frå SFR

I samsvar med innstillinga gjorde SFR slikt samrøystes

Vedtak:

Aukra SFR innvilgar søknaden frå Britt Karin Hagen Laastad om permisjon i perioden 04.02. – 04.08.2025.

Sak 15/25 Deltaking på Aukradagen 14.06.2025

Synspunkt som kom fram i møtet:

Erfaringane frå Aukradagen i fjor var svært positive, men det blei mykje arbeid og lange økter for dei som stod på stand. Dersom ein skal vere med i år må fleire frå soknerådet delta, og i tillegg bør ein innkalle organisasjonane/arbeidslaga og spørje om dei kan stille med to personar kvar. Her tenkjer ein særleg på VING, Barnegospel, Babysong, KRIK og evt. GGV og Speidarane. Soknerådet betalar for fellesstanden.

Vedtak:

Soknerådet vil delta på Aukradagen 2025 på dei vilkåra som kom fram i møtet. Soknerådet vil kontakte andre kristelege lag og foreiningar og invitere dei til å vere med. Soknerådet betalar for fellesstanden.

Sak 16/25 Referat- og orienteringssaker

Sak 16/25-1 Referat frå AU-møte 06.02.2025

Sak 16/25-2 Tilskot frå Kirkebevaringsfondet til Aukra kyrkje

Sak 16/25-3 Streaming av gudstenester til Omsorgssenteret

Referatsakene blei tekne til vitande.

Sak 17/25 Eventuelt

Sak 17/25-1 Førstehjelpskurs for tilsette og frivillige

Janne hadde snakka med Kåre Martin Sætervik om førstehjelpskurs for tilsette og frivillige i soknet. Kurset varer 5-6 timar og det kan vere 9 deltakarar på kvart kurs. Pris: Kr. 1500,- pr. time.

Aktuelle dagar i vår er laurdag 5. eller laurdag 12. april.

Janne føreslår at det gjennomførast eitt kurs i vår og eitt til hausten, og seinare eitt kvart år. Fellesrådet slutta seg til dette og bad Janne gjere endeleg avtale med Sætervik.

Sak 17/25-2 Reparasjon og stemming av orgelet i kyrkja

Kari informerte om at ein reparatør frå Frobenius hadde vore i kyrkja i veke 4 og gjort dei planlagde reparasjonane.

Ein orgelstemmar (intonatør) vil kome i veke 12 (17. – 21. mars) for å stemme orgelet. Ein kan ikkje ha gravferder eller andre arrangement i kyrkja den veka.


Aukra 20.02.2025

Erlend Melby (s)

Leiar

Max Ingar Mørk

(sekr.)



DEN NORSKE KYRKJA
Aukra sokne- og fellesråd

Skogvegen 1 A, 6480 AUKRA
Tlf: 468 40 719
www.aukrakyrkje.no
kyrkjekontoret@aukra.kommune.no
Org.nr.: 976 997 654

SAKSUTGREIING

Utval: Aukra Sokne- og fellesråd (SFR)
Møtedato: Torsdag 13. mars 2025
Møtetid: 18.05
Møtestad: Møterommet på Kyrkjelydshuset


Sak 19/25 Introduksjon av ny kyrkjeverje

Den nye kyrkjeverja i Aukra, Anne Marie Sødal, starta i stillinga 24. februar 2025. Introduksjonsprogrammet som SFR behandla i møtet 20.02.25 – sak 13/25 – er i hovudsak følgd, med nokre tilpassingar. Tida er da inne for SFR til å bli betre kjent med den nye daglege leiaren i soknet.

Anne Marie vil halde opningsord på SFR-møtet 13.03.25. Som første sak vil ho deretter presentere seg sjølv og tankar ho har om arbeidet og stillinga. Det vil bli opna for samtale og spørsmål, t.d. om rutinar, aktuelle saker og prioriteringar framover.

Kyrkjelyden vil bli presentert for den nye kyrkjeverja på gudstenesta 23.03.25. Det vil da bli formell innsetting i tenesta med lesing av biskopen sitt tenestebrev og ein kort presentasjon. Etter gudstenesta blir det kyrkjekaffi med kake bak i kyrkja.

Ein legg ikkje opp til vedtak i saka.



DEN NORSKE KYRKJA
Aukra sokne- og fellesråd

Skogvegen 1 A, 6480 AUKRA
Tlf: 468 40 719
www.aukrakyrkje.no
kyrkjekontoret@aukra.kommune.no
Org.nr.: 976 997 654

SAKSUTGREIING

Utval: Aukra Sokne- og fellesråd (SFR)
Møtedato: Torsdag 13. mars 2025
Møtetid: 18.05
Møtestad: Møterommet på Kyrkjelydshuset

Sak 20/24 Planlegging av namna minnelund

Arbeidsgruppa for planlegging av namna minnelund på Aukra kyrkjegard har utarbeidd eit notat etter siste møte i gruppa, der den orienterer om arbeidet som er gjort fram til no (sjå vedlegg). Etter å ha gjennomført innleiande undersøkingar og avklaringar, har gruppa kome så langt at tida er inne for å engasjere arkitekt/konsulent som kan utarbeide eit forslag til utforming etter nærare krav.

Arbeidsutvalet v/Heidi Løklingholm og Nils Lykkeslet Sæther ønskjer å orientere nærare om dette på fellesrådsmøtet 13.03.25.

Forslag til vedtak utarbeidast etter orienteringa på møtet.

Vedtak:

Notat frå møte 28.01.2025 i arbeidsgruppe for Namna minnelund på Aukra Gravplass.

Desse møtte : Nils Lykkeslett Sæther, Oddbjørg Sporsheim, Berit S Huse og Heidi Løklingholm.

Materiale som var sendt ut og lagt fram i møtet.

- Reglar, tips og sjekklister frå Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark
- Geosense AS v/ Kurt Arne Larsen, telefon med Nils og tips
- Beskrivelse av Namna Minnelund ved Oterøy kirkegård, Molde
- Geosense har utarbeida SOSI kart for Molde Fellesråd.

Notat frå møte

Val av område.

Vi har sett på 2 områder. Det skal være skilje mellom namna og unamna minnelund. Dei to områda som vart vurdert er bak kyrkja mellom gravstøttene og dei gamle korsa, «unamna minnelund» og eit område på framsida av kyrkja. Vi tilrår område mellom «Russergraver» og bårehus.

Oversiktbilde og kart

Vedlegg: Oversiktsbilde / kart med førebels skisse av område. (kommunekart / kartverket)

Omsyn til «Russegraver»

Nils kjem også til å kontakte «Det kongelige kultur og likestillingsdepartement» vedkomande «Russegraver». Det kan være særlege omsyn som gjeld dei. Det er varsla om at gravsteinane til russegravene skal bytast ut med nye.

Svar frå Kulturdepartementet;

Hei,

Viser til samtale. Vårt anliggende her er som kjent hensynet til de sovjetiske krigsgravene.

Det vil være viktig å sikre at man får en løsning hvor det ikke framstår som om den nye minnelunden «tilhører» krigsgravene m/steinutstyr – eller minnesmerket over de falne på havet.

Plasseringen av minnelunden bør vurderes slik at både krigsgravene m/steinutstyr og minnesmerket over de falne på havet ivaretas også visuelt.

Utformingen av minnelunden, eventuell minneplass og minnestein må ikke ta oppmerksomheten bort fra krigsgravene m/steinutstyr. En kan her vurdere å få bistand fra landskapsarkitekt til utforming av tegninger.

Etter hva vi forstår er gjeldende avstandskrav at det skal være minst én meter mellom grav og gangvei o.l. Merk at dette gjelder graven og ikke selve gravminnet.

Da det dreier seg om vesentlig endring av gravplass, må saken som kjent forelegges Statsforvalteren for godkjenning.

Vi forstår det slik at Aukra kyrkje er et listeført kulturminne. Det betyr at også fylkeskommunen som regional kulturminnemyndighet må få anledning til å uttale seg om planen.

Med vennlig hilsen

Sjå også vedlegg.

Areal

Vi går ut i frå eit gravfelt til minimum 60 urnegraver som blir minimum 30 x 30 m. Med 3 urnegraver pr år vil det halde 20 år framover. Monumentet må ha plass til like mange minneplater. Det må være råd å utvide til fleire urnegraver og minnetavler.

Aukra Kyrkje er listeført Kulturminne og planen må til høyring hos Møre og Romsdal Fylke. Heidi har vore i kontakt med kulturavdelinga. Dei skal undersøke saksgang for høyring. Dei kjem tilbake på det. Truleg er det Statsforvaltaren som sender endeleg plan til høyring.

Registrering

Det må settast ned fastmerke og koordinatar på nytt gravfelt ny minnelund. I den samanhengen må det vurderast om det er ønskjeleg å ta med heile gravplassen. Det vert meir omfattande og arbeidsgruppa trur ikkje at det er naudsynt.

Det må settast nummer på gravfeltet. Og til slutt må det utarbeidast SOSI filer.

Bruk av konsulent

Det er aktuelt at profesjonell konsulent lagar detaljert plan for område til urnegraver og minnetavler / monument. Den må omfatte beplantning , lys , tilkomst , plass til å sette ifrå seg blommar/lys, fellesbed og benker. Det må i den samanhengen lagast ein skjøtselsplan for området.

Vi tilrår at det vert nytta arkitekt / landskapsarkitekt ved utforming av gravplass og monument. Det kan være ønskjeleg at vedkomande har lokal tilknytning. Arbeidgruppa føreslår å spørje arkitekt Hallvard Huse om å lage eit uforpliktande forslag etter nærare krav.

Andre aktuelle konsulentar som vi kjenner til er: Geosense AS , Asplan Viak

Forskrift som regulerer bruk

Reglar for bruk av minnelund må inn som eige punkt i retningslinjene for Aukra gravplass. Arbeidsgruppa vil kome med framlegg til ordlyd etter døme frå Molde kommune. Berit C Huse skaffar forskrift frå Molde og døme under er omsett ordlyd etter den.

Punkt nummer..... NAVN MINNELUND


I namna minnelund er namn og plassering av grav til avlidne kjent. Avlidne sitt namn, fødselsår og dødsår vert gjort kjent på felles minnesmerke.

Gravplassforvaltninga sørger for minnesmerke og namneplate i namna minnelund. Det vert betalt eingongsavgift etter sats bestemt av Aukra kyrkjelege fellesråd.

Fredningstid og festetid i namna minnelund gjeld på same måte som for graver på gravplassen.

I namna minnelund kan det reserverast plass både i gravfelt og på namneplate. Festeavgift for en reservert plass fakturert frå reserveringsdato. Namneplate, minnesmerke og stell vert fakturert frå det tidspunkt grava vert tatt i bruk. Gravplassforvaltninga har ansvar for felles plantning og stell i minnelunden. Det er ikkje anledning til å opparbeide eige plantefelt for grav i minnelund. Det kan leggest ned blomar og tenne gravlys, så lenge dette er innanfor gjeldande reglar om brannvern, på stad peika ut av gravplassforvaltninga.

For arbeidsgruppe for namna minnelund Aukra gravplass.



Meny

Kartlag

Søk etter adresse, sted eller eiendone

Asira
Bygde

Bakgrunnskart

Vis tekst og veier

Kart

Grått kart

Flyfoto

Skjul

5m

© 2025 Norkart AS/Geovekst og kommunene/NASA, metri
© Mapbox © OpenStreetMap





Sjekkliste ved søknad om etablering av navnet minnelund

Etablering av navnet minnelund er en vesentlig endring av gravplassen og må godkjennes av statsforvalteren, jf. gravplassloven § 4 første ledd. Andre minnesmerker enn gravminner kan bare plasseres på gravplass dersom statsforvalteren gir samtykke til det, jf. gravplassforskriften § 20 andre ledd. For å få en til en effektiv saksgang er det viktig at søknaden er så komplett som mulig. Vi har derfor laget denne sjekklisten for hva en søknad bør inneholde før den sendes inn.

Ta gjerne kontakt med oss hvis det er spørsmål eller noe man ønsker innspill på underveis i planleggingsprosessen.

I søknadsteksten bør det gjøres rede for:	
Grunnforhold	Beskriv kort grunnforholdene og om de er tilstrekkelige for nedbryting. Ved urnegraver bør stein større enn 30-40 mm fjernes for enklere å kunne bruke urnebor. Grunn ligger innanfor eksisterande gravplass og er eigna for "nytt" gravfelt.. Områder for urnegraver må gravast om for å fjerne stein.
Universell utforming	Gjør rede for om minnelunden og adkomsten dit er tilgjengelig for alle. Aspekter som kan være relevante er trappefri atkomst, stigningsforhold, bredde på gangvei og veidekke. Adkomst vil følgje eksisterande og det må bli gjort ei vurdering av dekke og ytterlegare tilrettelegging for universel utforming. Det må opparbeidast plass for monument, benker og bed. Lys, kabler mm er lett tilgjengeleg.
Stier og adkomst	Skal det etableres nye stier internt på gravplassen, eller ny adkomst i forbindelse med minnelunden bør dette beskrives. Ingen nye stier utover det som er nemnd over.
Gjerde	Dersom minnelunden er en utvidelse av eksisterende gravplass, bør ny avgrensning (for eksempel gjerde eller hekk) beskrives Ikkje aktuelt , alt er innafor eksisterande gravplass.

Belysning og kabelføring	Vis hvilken type belysning, gjerne hvor mange punkter og hvor kabeltraseen skal gå. Kabel ligg attmed området. Val av type belysning må gå fram av plan utarbeidda av konsulent.
Beplantning, benker m.m.	Beskriv beplantning, benker, steinsettinger m.m. der det er relevant. Følge plan frå konsulent. ?
Løsning for lys og blomster	Beskriv eller vis hvor besøkende kan legge fra seg blomster og lys. Spesifiseres i oppdrag til utkast for utforming.
Navneplater	Hva slags navneplater som skal benyttes (form, størrelse, materiale, ett eller to navn). Spesifiseres i oppdrag , enkelplater storleik ??
Lokale gravplassvedtekter	Inneholder vedtektene bestemmelser om navnet minnelund? I vedtektene kan det f.eks. være bestemmelser om feste, plassering av lys og blomster og om det skal være ett eller to navn på navneskiltene. Framlegg til å ta inn omsett ordlyd ifrå vedtektene til Molde. Sjå notat frå møte i arbeidsgruppa 28.01.25
Søknaden bør ha bilde, kart, plantegning, illustrasjon (med symbolforklaring), eller annet som viser:	Oversiktsbilde over heile gravplassen. Evt hybridbilde som område og plan kan teiknast inn på. Det er kanskje noko som planleggar kan lage. Planteikning frå konsulent.

En oversikt over minnelundens beliggenhet på gravplassen	Her vises plasseringen av minnelunden sammen med gravfelt, gangveier, bygninger, ny beplantning og lignende som kan være relevant. Avstand til nærliggende gravfelt bør også vises. Utearbeide av konsulent, ligge inne i konsulentoppdrag. Hvis minnelundens plassering får konsekvenser for bruken av gravplassen, bør det omtales i søknadsteksten.
--	--

	<p>Minnelunden vil ligge i nærleik til minnesmerker og gravfelt for Russergraver. Difor bør gravfelt for urnegraver leggast nærmast eksisterande minnesmerker. På det viset vil det ikkje bli visuell konflikt. Det bør også være god avstand frå ny minnestein med namneplater nedover til gravminne for Russergravene. Ny minnestein må ikkje utformast slik at den "konkurrerer" med eksisterande minnesmerker. Dette må spesifiserast til konsulent, Vedlegg brev frå Kultur departementet. Vedlegg kart med skisse på tenkt område for namna minnelund.</p>
Minnelundens utforming	<p>Her vises plassering av minnesmerket, tilhørende gravfelt, beplantning, sted for blomster og lys, benker og eventuelt belysning. Spesifiseres i oppdrag til konsulent / arkitekt som skal utarbeide forslag til utforming.</p>
Minnesmerkets utforming med navneplater	<p>Her vises hvordan minnesmerket skal utformes og hvordan navneplatene er tenkt fordelt på minnesmerket. Husk at det bør være samsvar mellom antall graver og antall navn det er plass til på minnesmerket. Utkast frå arkitekt.</p>

Vedlegg:	
Vedtak fra lokal gravplassmyndighet	<p>Anlegg, utvidelse og vesentlig endring av gravplass skal skje i henhold til plan for gravplassen som vedtas av gravplassmyndigheten, jf. gravplassforskriften § 2, andre ledd. Legg ved særutskrift fra møtebok, referat eller referer til saksnummer og dato for vedtak.</p> <p>Saksgang : Gravplassmyndighet og kommunestyret og statsforvaltaren som siste innstans. Møre og Romsdal fylke ved miljøavdelinga er høyringsinnstans sia Aukra Kyrkje er listeført kultuminne. Det er truleg Statsforvaltaren for Vestfold og Telemark som sender ut til fylket. Vi ventar svar ifrå Kulturavdelinga i Fylket som undersøker rekkefølge.</p>
Gravkart	<p>Ved anlegg, utvidelse og vesentlig ending må forvaltningen lage eller få laget digitale gravkart i henhold til SOSI standarden, jf. gravplassforskriften § 4. Nettstedet sosigravplass.no har mer informasjon om SOSI-standard.</p> <p>Digitalt gravkart og SOSI fil er siste del av arbeidet , før det må alle andre planar og endringar avgjerast.</p> <p>I søknaden må det enten bekreftes at der er laget gravkart i henhold til SOSI-standard og en pdf-versjon av gravkartet legges ved. Eller legges ved et foreløpig gravkart som viser gravfeltet tilhørende minnelunden med plassering, gravstørrelse og antall graver.</p>

Se også [informasjonsskriv om navnete minnelunder.](#)



SAKSUTGREIING

Utval: Aukra Sokne- og fellestråd (SFR)
Møtedato: Torsdag 13. mars 2025
Møtetid: 18.05
Møtestad: Møterommet på Kyrkjelydshuset

Sak 21/25 Rekneskap for Aukra sokn 2024

Rekneskapsførar har avslutta rekneskapen for Aukra sokn 2024 (vedlagt). SFR må i denne omgang godkjenne rekneskapen som sin årsrekneskap for 2024. Rekneskapen sendast deretter til revisor for revisjon, før han kjem attende til SFR for eventuelle justeringar og endeleg vedtak.

Driftsinntekter

Driftsrekneskapen viser at sum driftsinntekter var kr. 5 631 476 mot budsjettert kr. 5 044 000. Differansen skuldast både høgare eigeninntekter i form av husleige, festeavgifter m.v., ekstraordinære statlege tilskot (m.a. til utskifting av minneplater på krigsgraver) og at den kommunale tenesteytinga (kr. 205 000) no er ført som ei kalkulatorisk inntekt (tidlegare ikkje ført).

Driftsutgifter

Sum driftsutgifter var kr. 4 870 478 mot budsjettert kr. 5 124 000. Differansen skuldast i hovudsak innsparte lønsmidlar på grunn av stillingsvakansar og at den kommunale tenesteytinga no er ført som kalkulatorisk utgift (tidlegare ikkje synleggjort). På minussida er det eit meirforbruk på kjøp av varer og tenester, m.a. på grunn av utskifting av varmpumpa på Kyrkjelydshuset i desember 2024.

Driftsresultat og disposisjonar

Netto driftsresultat inkl. finansinntekter blei kr. 765 080 i mindreforbruk (overskot).

Av dette er kr. 462 614 avsett til bundne fond, i hovudsak til merking av krigsgraver og trusopplæring (pga. forventta kutt i trusopplæringsmidlane for 2025). Vidare er kr. 255 819 overført til investeringsrekneskapen for bruk på prosjektet med fasaderehabilitering av kyrkja i 2025. Etter dette står ein att med kr. 46 647 i frie midlar (overskot).

Forslag til vedtak:

Aukra SFR godkjenner rekneskapen for Aukra sokn 2024 som framlagt, med dei føreslegne disposisjonar og avsetningar.

Rekneskapen sendast revisor for revisjon, før han kjem attende til SFR for eventuelle justeringar og endeleg vedtak.

Aukra sokn

REKNESKAP 2024

Innhald

Rekneskapsskjema - Drift	18
Rekneskapsskjema - Investering.....	19
Balansen	20
Oversikt ansvar	21
Note 1: Rekneskapsprinsipp	21
Note 2: Kommunen sitt tilskot	21
Note 3: Kapitalkonto.....	22
Note 4: Anleggsmidler	22
Note 5: Fondsmidler	23
Note 6: Udekt/Udisponert i drift	23
Note 7: Udekka i investering	24
Note 8: Aksjar og andelar	24
Note 9: Pensjon	24
Note 10: Strykingar.....	25
Note 11: Ytingar til leiande personer	25
Revisors utgreiing	26

Rekneskapsskjema - Drift

(Tall i heile kroner)

	Rekneskap 2024	Reg. budsjett 2024	Oppr. budsjett 2024	Rekneskap 2023
Inntekter:				
1 Brukerbetaling, sal, avgifter og leieinntekter	594 441	480 000	480 000	606 365
2 Sal av driftsmidler/fast eidegdom	0	0	0	0
3 Refusjonar/overføringer	423 610	292 000	292 000	461 318
4 Kalk. inntekt ved komm. Tenesteytingsavtale	205 000	0	0	0
5 Statlige tilskot	484 600	0	0	321 465
6 Tilskot frå rettssubjektet Den norske kyrkje	0	312 000	312 000	27 483
7 Rammeoverføring/tilskudd frå eigen kommune	3 708 000	3 708 000	3 708 000	3 267 000
8 Tilskot fra soknets organ	0	0	0	0
9 Andre tilskot, g�aver, innsamlede midlar	215 824	252 000	252 000	165 485
10 Sum driftsinntekter	5 631 476	5 044 000	5 044 000	4 849 116
Utgifter:				
11 L�nn og sosiale utgifter	1 992 039	2 836 000	2 836 000	2 787 910
12 K�p av varer og tenester	2 160 878	1 841 000	1 841 000	1 781 039
13 Refusjoner/overf�ringer	354 325	292 000	292 000	236 778
14 Kalk. utg. ved komm. tenesteytingsavtale	205 000	0	0	0
15 Tilskot og g�aver	158 235	155 000	155 000	120 372
16 Sum driftsutgifter:	4 870 478	5 124 000	5 124 000	4 926 098
17 Brutto driftsresultat:	760 998	-80 000	-80 000	-76 983
18 Renteinntekter og utbytte	4 082	0	0	32 357
19 Mottatte avdrag p� utl�n	0	0	0	0
20 Renteutgifter og l�neomkostn.	0	0	0	1 792
21 Avdrag p� l�n	0	0	0	0
22 Utl�n, k�p av aksje, andeler o.l.	0	0	0	0
23 Netto finansinntekter/-utgifter	4 082	0	0	30 565
24 Avskrivningar	548 473	567 000	567 000	548 473
25 Motpost avskrivningar	548 473	567 000	567 000	548 473
26 Netto driftsresultat	765 080	-80 000	-80 000	-46 418
Interne finansieringstransaksjonar:				
27 Bruk av udisponert fr� tidl. �r (mindreforbruk)	0	0	0	347 925
28 Bruk av disposisjonsfond	0	455 000	455 000	792 000
29 Bruk av bundne fond	0	0	0	0
30 Sum bruk av avsetningar	0	455 000	455 000	1 139 925
31 Avsett til dekning fr� tidlegare �r (underskot)	0	0	0	0
32 Avsett til disposisjonsfond	0	0	0	296 707
33 Avsett til bundne fond	462 614	0	0	4 800
34 Overf�rt til investeringsrekneskapet	255 819	375 000	375 000	792 000
35 Sum avsetningar	718 433	375 000	375 000	1 093 507
36 MEIRFORBRUK / MINDREFORBRUK	46 647	0	0	0

Rekneskapsskjema - Investering

(Tall i heile kroner)

	Rekneskap 2024	Reg. budsjett 2024	Oppr. budsjett 2024	Rekneskap 2023
1 Investeringar i anleggsmidlar	225 347	375 000	375 000	3 386 681
2 Kalk. utg. ved komm. Tenesteytingsavtale	-	-	-	-
3 Renteutgifter, låneomkostningar	-	-	-	-
4 Avdrag på lån	-	-	-	-
5 Utlån, kjøp av aksjar, andelar o.l.	10 575	10 000	10 000	9 497
6 Avsetningar	64 967	65 000	65 000	-
7 Årets finansieringsbehov	300 889	450 000	450 000	3 396 178
Finansiert slik:				
8 Inntekter frå sal av driftsmidlar/fast eiend.	-	-	-	-
9 Refusjonar	45 069	75 000	75 000	675 847
10 Kalk. inntekt ved komm. Tenesteytingsavtale	-	-	-	-
11 Tilskot til investeringar	-	-	-	50 000
12 Bruk av lånemidlar	-	-	-	-
13 Mottekne avdrag på utlån (ekstraord.)	-	-	-	-
14 Sum ekstern finansiering	45 069	75 000	75 000	725 847
15 Overført fra driftsrekneskapen	255 819	-	-	792 000
16 Bruk av avsetningar	-	375 000	375 000	1 742 643
17 Sum finansiering	300 889	450 000	450 000	3 260 490
18 Udekket/udisponert	-	-	-	135 688

Prosjekter:

Prosjekter:	Rekneskap 2024	Rev. budsjett 2024	Oppr. Budsjett 2024	Rekneskap 2023
Brannsløkkingsanlegg	225 347	375 000	375 000	3 386 681
Sum	225 347	375 000	375 000	3 386 681

Balansen

(Tal i heile kroner)

BALANSE	Rekneskap 2024	Rekneskap 2023
EIENDELAR:		
A – Anleggsmidler (4)		
Faste eiendommer og anlegg	17 946 579	18 162 197
Utstyr, maskiner og transportmidla	766 884	874 392
Utlån	0	0
Aksjar og andelar (8)	140 628	130 053
B - Omløpsmidlar		
Kortsiktige fordringar	458 976	939 302
Aksjar og andelar	0	0
Sertifikat	0	0
Obligasjonar	0	0
Kasse, bankinnskot	1 818 251	1 456 743
C - SUM EIENDELAR:	21 131 318	21 562 687
EIGENKAPITAL OG GJELD:		
D - Eigenkapital		
Disposisjonsfond (5)	716 818	716 818
Bundne driftsfond (5)	484 339	21 725
Ubundne investeringsfond (5)	0	0
Bundne investeringsfond (5)	16 486	16 486
Endring i rekneskapsprinsipp som påvirker AK (investering)	0	0
Endring i rekneskapsprinsipp som påvirker AK (drift)	0	0
Rekneskapsmessig mindreforbruk (6)	46 647	0
Reknenskapsmessig merforbruk	0	0
Udisponert i investeringsrekneskapen	0	0
Udekt i investeringsrekneskapen (7)	-135 688	-200 655
Kapitalkonto (3)	18 882 542	19 195 093
Gjeld		
E - Langsiktig gjeld		
Ihendehaverobligasjonslån	0	0
Sertifikatlån	0	0
Andre lån	0	0
F - Kortsiktig gjeld		
Kassekredittlån	0	0
Annen kortsiktig gjeld	1 120 173	1 813 218
G - SUM EIGENKAPITAL OG GJELD:	21 131 318	21 562 687
Memoriakonti		
Ubrukte lånemidler	0	0
Andre memoriakonti	10 523	10 523
Motkonto for memoriakontiene	-10 523	-10 523

Oversikt ansvar

Ansvar		Regnskap 2024	Budsjett 2024	Avvik i NOK
1000	Administrasjon	-2 309 342	-2 105 000	-204 342
2000	Kyrkja, KL §15	1 039 467	1 561 00	-521 533
2100	Kyrkjeleg aktivitet utan kommunalt tilskot	131 756	147 000	-15 244
3000	Kyrkjegarden	826 687	634 000	192 687
4000	Kyrkjelydshus	557 438	-157 000	714 438
8990	Motpost avskrivningar	-548 473	0	-548 473
9100	Rekneskapsmessig mindreforbruk	46 647	0	46 647
9200	Fondsdisposisjonar	255 819	-80 000	335 819
Sum		0	0	0

Note 1: Rekneskapsprinsipp

Rekneskapen er ført etter forskrifter om økonomiforvaltning for kyrkjeleg fellesråd og sokneråd i Den norske kyrkje. Forskrifta har reglar om oppstilling og rapportering av rekneskapen.

Rekneskapen er ført etter anordningsprinsippet. Det vil seie at alle kjente inntekter og utgifter pr 31.12.2024 er ført inn i rekneskapen for 2024. Likevel nyttast kontantprisippet ved bokføring av festeavgifter da det er knytt stor usikkerheit til inntekta det enkelte år. Deltakarbetaling trosopplæring og konfirmasjon vert også ført etter kontantprinsippet.

Avskrivningar er utgiftsført på dei enkelte kapitla i driftsrekneskapen. Motposten er inntektsført på ansvar 8990 og avskrivningar får difor ikkje resultatmessige konsekvensar. I tillegg har avskrivningane, som tidlegare, redusert verdien på anleggsmidla i balansen.

I følgje avtale mellom Aukra sokneråd og Aukra kommune, er økonomiavdelinga i kommunen ansvarleg for føring av rekneskapen. Dette er ein teneste Aukra kommune for tida kjøper frå Hustadvika kommune.

Note 2: Kommunen sitt tilskot

Kommunen sitt tilskot til drift for 2024 er kr 3 913 000,-. Tilskotet dekkjer drift av kyrkja og kyrkjegarden. Soknerådet bestemmer korleis midlane vert nytta. Det er inngått ein ny tenesteytingsavtale mellom Aukra kommune og Aukra sokn på kr 205 000,-. Dette er trekt frå utbetalinga av tilskot, slik at det er kr 3 708 000,- som er bokført som tilskot frå kommunen.

Det er inngått avtale med Aukra kommune om rekneskapsføring, løn etc. Verdi av tenesteytinga er berekna til:

Rekneskapsføring: kr 73 000,-

Lønsutbetalingar: kr 52 000,-

Vintervedlikehald: kr 60 000,-

IKT-nettverk: Kr 20 000,-

Total verdi på tenesteytinga er kr 205 000,-. Dette er ført som kalkulatoriske utgifter og inntekter i driftsrekneskapen.

Note 3: Kapitalkonto

(Tal i heile kroner)

	Beløp
Saldo pr 01.01.2024	19 195 093
Avskrivning 2024	-548 473
Kjøp av aksjar	10 575
Investeringar 2024	225 347
Saldo pr 31.12.2024	18 882 542

Fung. kyrkjeverje Kari Fanghol	Regnskapsfører Lill Tove Gammelsæter
Sted/dato Aulha, 21.02.25	Sted/dato Elnesvågen 21.02.25
Signatur Kari M. Fanghol	Signatur Lill Tove Gammelsæter

Note 4: Anleggsmidler

(Tal i heile kroner)

	Bygningar	Maskin/utstyr	Aksjar	Sum
Bokført verdi 01.01.2024	18 162 196	874 392	130 053	19 166 641
Tilgang 2024	225 347	-	10 575	235 922
Avskrivningar 2024	440 965	107 508		548 473
Nedskrivningar				-
Reverserte nedskrivningar				-
Bokført verdi 31.12.2024	17 946 578	766 884	140 628	18 854 090
Avskrivningstid	50 år på kirker, 40 år på andre bygningar	10 år	Ingen avskrivning	

Note 5: Fondsmidler

(tal i heile kroner)

Bundne driftsfond:

	01.01.2024	Endring	31.12.2024
B.driftsfond kyrkjelydshus	11 950	0	11 950
Musikkinstrument Julsundet	4 975	4 800	9 775
Merking av krigsgraver	0	168 000	168 000
Trusopplæringsmidler Bispedøme	0	286 214	286 214
Trusopplæring givarmidler	0	8 400	8 400
Sum bundne driftsfond	16 925	4 800	484 339

Disposisjonsfond:

	01.01.2024	Endring	31.12.2024
Disposisjonsfond	639 653	0	639 653
Fond festeavgift	77 165	0	77 165
Sum disposisjonsfond	716 818	0	716 818

Investeringsfond:

	01.01.2024	Endring	31.12.2024
B.inv.fond Julsundet kapellråd	16 486	0	16 486
Sum bundne investeringsfond	16 486	0	16 486

Note 6: Udekt/Udisponert i drift

	01.01.2024	Endring	31.12.2024
Mindreforbruk 2024	-	46 647	46 647
Akkumulert	-	46 647	46 647

Note 7: Udekka i investering

(Tal i heile kroner)

	01.01.2024	Endring	31.12.2024
Udekka 2020	64 967	-64 967	0
Udekka 2023	0	135 688	135 688
Akkumulert udekka i investering	64 967	70 721	135 688

Note 8: Aksjar og andelar

(Tal i heile kroner)

	Beløp
Eigenkapitalinnskott KLP 01.01.2024	130 053
Bevegelse 2024	10 575
Eigenkapitalinnskudd KLP 31.12.2024	140 628

Note 9: Pensjon

(Tal i heile kroner)

Nøkkeltall for Aukra sokn er:

	2023	2024
Innbetalt premie/tilskudd inklusiv administrasjon	377 812	167 262

Innbetalningar av premie/tilskott, fråtrekket 2% trekk for tilsette, er det som føres som pensjonsutgift i rekneskapen.

Estimert forpliktelse/midler 31.12.	2023	2024
Brutto påløpt forpliktelse	4 787 907	5 332 941
Pensjonsmidler	4 785 428	5 360 291
Netto pensjonsforpliktelse	2 479	-27 350

Økonomiske forutsetninger	2023	2024
Diskonteringsrente	3,50 %	4,00 %
Forventet lønnsvekst	2,48 %	2,97 %
Forventet G-regulering	2,48 %	2,97 %
Forventet pensjonsregulering	1,71 %	2,20 %
Forventet avkastning	4,00 %	4,50 %

Det er anvendt KLPs standard føresetnader for dødelegheit, uførhet og framtidig AFP-uttak og frivillig avgang.

Medlemsstatus	01.01.2023	01.01.2024
Antall aktive	11	7
Antall oppsatte	6	9
Antall pensjonar	5	6

Note 10: Strykingar

(tall i hele kroner)

	Budsjett	Bokført	Strøket
Overføring frå drift til investering	375 000	255 819	119 181
Bruk av disposisjonsfond	455000	0	455 000

Overføring frå drift til investeringer er redusert ved stryking ihht Forskrift om økonomiforvaltningen i Den norske kirke § 17, 9. ledd punkt a).


Bruk av disposisjonsfond er redusert ved stryking ihht Forskrift om økonomiforvaltningen i Den norske kirke § 17, 3. ledd.

Note 11: Ytingar til leiande personer

	Beløp 2024
Leiar sokneråd	18 955
Nestleiar sokneråd	33 876
Årslønn kyrkjeverge, dagleg leiar	320 043

Utbetalt totalt for kyrkjeverger inneheld løn til fast ansatt samt vikarar. Sjukelønsrefusjon er ikke hensyntatt i denne summen.

Revisors utgreiing



DEN NORSKE KYRKJA
Aukra sokne- og fellesråd

Skogvegen 1 A, 6480 AUKRA
Tlf: 468 40 719
www.aukrakyrkje.no
kyrkjekontoret@aukra.kommune.no
Org.nr.: 976 997 654

SAKSUTGREIING

Utval: Aukra Sokne- og fellesråd (SFR)
Møtedato: Torsdag 13. mars 2025
Møtetid: 18.05
Møtestad: Møterommet på Kyrkjelydshuset

Sak 22/25 Program for påskelilje- og kyrkjejubileet 2025

Saka var sett opp som sak 12/25 i møtet 23.02.25, men blei utsett.

Vedlagt følgjer programmet slik det ligg føre etter komiteen sitt møte 05.03.25. Det er framleis ting som må bekreftast:

- Avtale med skulane
- Avtale med Barnehagane
- Detaljar på lokasjon KRIK-arrangement

Av tidsmessige grunnar er det denne versjonen av programmet som vil bli trykt i Kyrkjebladet, men med atterhald om mogelege endringar.

Jubileumskomiteen er formelt sett ein underkomité under soknerådet, og soknerådet må derfor godkjenne programmet.

Forslag til vedtak:

Aukra sokneråd takkar jubileumskomiteen for det store arbeidet dei har gjort i samband med planlegging av påskelilje- og kyrkjejubileet 2025, og sluttar seg til det framlagte programforslaget pr. 05.03.25.

Soknerådet gir komiteen fullmakt til å gjere dei tilpassingar og endringar den måtte finn naudsynte eller ønskelege i arbeidet med det endelege programmet og ved gjennomføringa av sjølve jubileet.

PÅSKELILJEMARKA ER 300 ÅR OG KYRKJA ER 190 ÅR.

PROGRAM FOR JUBILEUMSVEKA 21. – 27. APRIL

Heile veka:

Utstilling i Aukra kulturhus.

- Liljå: Elevarbeid, prosjekt ARV (Arr. Aukra kulturskole)
- Biblioteket: Anne Brit Krag (Arr. Aukra kunstlag)

Utstilling i kyrkjelydshuset

- Gamle foto med tema Aukra kyrkje og påskeliljemarka (Arr. Aukra historielag)

Utstilling i Aukra kyrkje

- Prosjekt ARV og biletkunstnar Anne Brit Krag

Salg av barnebok om Påskeliljemarka

21. april (2. påskedag)

Kl 12.00 Påskeliljemarsj. Kort og lang løype. Start og innkomst på Kyrkjelydshuset. Dei som gjennomfører får ein jubileumspin. Startkontingent 50 kr.

Kl. 17.00 Gudsteneste i kyrkja. Biskop Ingeborg Midttømme deltek.

Kl. 18.00 Ope hus / kyrkjekaffi i prestegarden.

22. april

Kl. 11 – 14 Kyrkjevandring for ungdomsskoleelevar. Elevane på 8. trinn i kommunen er invitert til å bli betre kjent med kyrkja vår.

Kl. 19.00 Kyrkjevandring for alle. Det vert ei guida omvising i kyrkja vår. Begrensa antall. Påmelding til kyrkjekontoret@aukra.kommune.no eller Tlf. 468 40 719

23. april

Kl. 12 – 14 Besøk av barnehagane

- Kl. 17.00 Høve til å kjøpe seg eit måltid mat på Kyrkjelydshuset. Eining for Innvandring og Integrering står for matstellet.
- Kl. 18:00 Gossen VING feirer Jubileet (åpent for alle 5. – 7. klasse)
- Kl. 19.00 Kyrkjevandring for alle. Det vert ei guida omvising i kyrkja vår. Begrensa antall. Påmelding til kyrkjekontoret@aukra.kommune.no eller Tlf. 468 40 719

Torsdag 24. april

- Kl. 11 – 14 Kyrkjevandring for ungdomsskoleelevar. Elevane på 8. trinn i kommunen er invitert til å bli betre kjent med kyrkja vår.
- Kl 18:30 Kristen Idrettskontakt KRIK-samling for ungdom på GBU -åpent for
- Kl. 19.00 “Bygdekvinnelaget, kyrkja og påskeliljmarka” Aukra kulturhus, Soltun scene. (meir info om innhald kjem) Arr: Bygdekvinnelaget


Fredag 25. april

Laurdag 26. april

- Kl. 19.00 Jubileumskonsert “En kveld med Karoline og Sigvart” Aukra kulturhus, Wickssalen. Billettsal: www.aukrakulturhus

Søndag 27. april

- Kl. 11.00 Festgudsteneste med domprost Grethe Lystad Johnsen. Musikkinnslag: Elevar i Aukra kulturskole, Aukra barnegospel
- Kl. 18.00 Løvikremma. Foredrag og minikonsert Morten Øveraas *Førstekonservator NMF, PhD.* kommer på Løvikremma for å holde foredrag om presten i lokalsamfunnet. Billetter kan kjøpes på nett (Romsdalsmuseet) eller i døra. Gossen Mannskor deltek.



SAKSUTGREIING

Utval: Aukra Sokne- og fellesråd (SFR)
Møtedato: Torsdag 13. mars 2025
Møtetid: 18.05
Møtestad: Møterommet på Kyrkjelydshuset

Sak 23/25 Referat- og orienteringssaker

Sak 23/25-1 Referat frå AU-møtet 03.03.2025

Referatet er vedlagt.

Sak 23/25-2 Rapportar frå dei utvala som har noko å legge fram

Munnleg statusrapport frå dei utvalsleiarane som har noko å melde.

Sak 23/25-3 Betre belysning i kyrkja

Det er behov for betre lyssetting i kyrkja, særleg i koret og på preikestolen. Det ligg føre eit forslag frå *Stokkan lys* frå 2022, men AU ønskjer å hente inn forslag frå eit par andre leverandørar i tillegg. Saka høyrer naturleg inn under utvalet for interiør og liturgisk utstyr. Tiltaket er ikkje finansiert i 2025, men AU går inn for å starte prosessen med å hente inn tilbod. Ein vil seinare kome tilbake til fellesrådet med ei sak om val av løysing/leverandør og finansiering.

Sak 23/25-4 Gjennomgang av årshjulet

Arbeidsåret 2025 er no godt i gang, og det kan vere behov for å gjennomgå og oppdatere årshjulet i samråd med den nye kyrkjeverja. Ein lett oppdatert versjon av årshjulet ligg ved.



DEN NORSKE KYRKJA

Aukra sokne- og fellesråd

Skogvegen 1 A
6480 AUKRA
Tlf: 468 40 719
kyrkjekontoret@aukra.kommune.no
www.aukrakyrkje.no
Org.nr.: 976 997 654

MØTEREFERAT

Utval: AU i Aukra SFR

Møtedato: 3. mars 2025

Møtetid: 18.05 – 19.50

Møtestad: Møterommet på Kyrkjelydshuset

Desse møtte: Erlend Melby, Marta Kristin Eidskrem og Kristian Finn Risung

Sekretær: Max Ingar Mørk

Elles møtte: Kyrkjevevje Anne Marie Sødal

Møtet blei leia av Erlend Melby

Desse sakene blei behandla:

AU-sak 16/25 Introduksjon av ny kyrkjevevje

Vår nye kyrkjevevje Anne Marie Sødal starta i stillinga 24. februar 2025. Ho har fått tilgang til e-post og gradvis fleire dataprogram. Introduksjonsprogrammet er i hovudsak følgd, med nokre tilpassingar.

Anne Marie vil halde opningsord på SFR-møtet 13.03.25 og vidare presentere seg sjølv og tankar ho har om arbeidet. Det blir opna for samtale og spørsmål om rutinar, aktuelle saker og prioriteringar framover.

Innsetting med lesing av biskopen sitt tenestebrev og kort presentasjon blir på gudstenesta 23.03.25. Kyrkjekaffi med kake bak i kyrkja etterpå. Kari og Max Ingar blir invitert og takka av.

AU-sak 17/25 Planlegging av namna minnelund

Arbeidsutvalet for planlegging av namna minnelund har sendt over ein rapport til fellesrådet om arbeidet så langt. Dei ønskjer å engasjere arkitekt/konsulent for å utarbeide eit forslag til utforming etter nærare krav. Arbeidsutvalet v/Heidi Løklingholm og Nils Lykkeslet Sæther ønskjer å orientere nærare på fellesrådsmøtet 13.03.25.

AU ønskjer arbeidsutvalet v/Løklingholm og Sæther velkommen til å legge fram saka på møtet 13.03.25. Forslag til vedtak utarbeidast på møtet i samråd med representantane for arbeidsutvalet.

AU-sak 18/25 Rekneskap 2024

Rekneskapan for 2024 er avslutta og sendt han over til SFR for førebels godkjenning. Rekneskapan sendast vidare til revisor for revisjon. Det går deretter tilbake til SFR for å etterkome eventuelle revisormerknadar, før SFR til slutt vedtek den endeleg rekneskapan.

AU-sak 19/25 Økonomirapport 2025 - status

Vedtaksbrevet om det kommunale tilskotet for 2025 er motteke pr. 19.02.25. Soknet får behalde overskotet for 2024. I tillegg blir ramma for 2025 indeksregulert med om lag 3 % i høve til ramma for 2024. På toppen kjem eit ekstraordinært tilskot til jubileumsveka på kr. 190.000. Netto utbetalt månadsbeløp aukar da frå kr. 309.000 i 2024 til kr. 332.750 i 2025.

Det har i tillegg kome brev om frigjeving av kr. 32.760 på skattetrekkkonto og tilføring av midlar til soknet sitt premiefond i KLP.

Førebels budsjett blei vedteke i SFR sitt møte 23.01.25. Budsjettet må reviderast og endeleg vedtakast justert for dei nye rammene og bruk av fondsmidlar. Ein tek sikte på å legge fram revidert budsjett på møtet 10. april.

AU-sak 20/25 Jubileumsmarkeringa

Jubileumskomiteen er ein underkomite av soknerådet slik at soknerådet må godkjenne programmet. Erlend vil sende programmet til soknerådet og Kyrkjebladet «med atterhald om endringar».

AU-sak 21/25 Status på utlysing av stillingar

Max Ingar orienterte. Stillingane for kantor og kateket er lyste ut på følgjande stader:

- På nettet: kirkejobb.no, vljobb.no og NAV.
- Annonsar: To innrykk (fredagar eller laurdagar) i Vårt Land, Romsdals Budstikke og Sunnmørsposten. Eit innrykk Tidens Krav.
- Stillingskarusellar: På RB-nett, SMP og TK fram til søknadsfristen.
- Annonse på Yrkesfokus, Samtiden og Ballade.no
- Lokal marknadsføring på eiga heimeside og FB-sida *Det skjer på Gossen*.

AU-sak 22/25 Betre belysning i kyrkja

Det er behov for betre lyssetting i kyrkja, særleg i koret og på preikestolen. Det ligg føre eit forslag frå *Stokkan lys* frå 2022. Det bør hentast inn tilbod frå eit par andre leverandørar i tillegg. Tiltaket er ikkje finansiert i 2025, men AU går inn for å starte prosessen med å hente inn tilbod.

AU-sak 23/25 Eventuelt

- Dei gruppene som har noko å rapportere bør få legge det fram.
- Vi ser på årshjulet.


Aukra 03.03.2025

Erlend Melby
Leiar (s)

Max Ingar Mørk
Skr.

Årshjul og møteplan for Aukra sokne- og fellesråd 2025

2025	Møte i AU	Møte i SFR	Hendingar som kan involvere SFR	Aktuelle saker til møte i SFR
Jan.	09.01	23.01		Førebu basar Førebu feitetysdag Førebu Gullkonfirmantsamling Budsjett for 2025
Febr.	06.02	20.02	28.02: Misjonsbasar	Førebu fasteaksjon
Mars	27.02	13.03	Ty. 04.03: Feitetysdag Sø. 23.03: Innsetting av ny k.v.	Rekneskap for 2024 Førebu jubileumsveka
April	27.03	10.04	Sø 06.04: Fasteaksjon Lø 05.04 eller 12. 04: Førstehjelpskurs for tilsette og frivillige Sø 13.04 – Må 21.04: Påske Må 21. – Sø. 27.04: Jubileumsveke	Årsmelding for 2024
Mai	30.04	15.05	Laur 03.05 og 10.05: Konfirmasjonar	Førebu «bursdag» m/ky.kaffi pinedag Førebu Aukradagen Førebu årsmøte
Juni	28.05	12.06	08.06 Pinedag m/ky.kaffi & kake 14.06 Aukradagen 15.06 Gullkonfirmantane. Årsmøte?	Oppnemne komitear og ansvarsgrupper
Juli				
Aug.	07.08	21.08		Strategisamling og evaluering av arbeidsåret 2024/25. Førebu kyrkjelydstur til Bjørnsund
Sept.	04.09	18.09	14.09: Kyrkjelydstur til Bjørnsund (?)	Førebu hausttakkefest Forslag til budsjett 2026
Okt.	25.09	09.10	12.10 eller 26.10: Hausttakkefest	Førebu førjulsamkome Møte med tilsette
Nov.	23.10	06.11	02.11: Minnegudsteneste 04.11: Allehelgenskonsert (?) 28.11: Førjulsamkome	Førebu eldretreff og adventskonsert(ar) Val av leiar og nestleiar for 2026 Gudstenesteplan 2026
Des.	27.11	11.12	Sø 07.12: Adventskonsertar Andre julekonsertar 03.12 eller 10.12: Eldretreff 24.12 og 25.12: Julegudstenester	Offerliste 2026 Endeleg budsjett 2026



DEN NORSKE KYRKJA
Aukra sokne- og fellesråd

Skogvegen 1 A, 6480 AUKRA
Tlf: 468 40 719
www.aukrakyrkje.no
kyrkjekontoret@aukra.kommune.no
Org.nr.: 976 997 654

SAKSUTGREIING

Utval: Aukra Sokne- og fellesråd (SFR)
Møtedato: Torsdag 13. mars 2025
Møtetid: 18.05
Møtestad: Møterommet på Kyrkjelydshuset

Sak 24/25 Eventuelt